

---

**Fra:** Leif Johnsen <ljholme@online.no>  
**Sendt:** tirsdag 17. september 2019 08:11  
**Til:** Per Ole Ekker  
**Kopi:** Partiet De Kristne Alver (bjorn.humblen@hotmail.no); Rødt Alver (hendrik.weber@posteo.de); ttaranger@yahoo.no; Agnes Hoshovde Bernes; Helge Brekke (helge@knarvikmila.no); Birthe Kråkenes Bjørstad; Nina Randal  
**Emne:** Re: Frivilligseminar og politisk debatt 5 sept 2019

Hei.

Takk for beklagelsen om forgløyning som kom laurdag morgon 7. sept. i epost frå Helge Brekke og frå Per Ole Ekker 11. sept. til dei fem partia som ikkje fekk taletid på valmøtet 5. sept.

Me vil igjen peike på at det som skjedde var ein sær sars alvorleg demokratisk svikt.

Me har flg kommentar:

Fleire av arrangørane, Knarvikmila og frivilligorganisasjonane, var tilstades på møtet. Alle desse gløymde altså dei fem partia på første rad!?

I tillegg kjem at alle spørsmåla levert inn av dei fem partia vart luka vekk. Møtet var dermed ei total sensurering av dei fem partia, deira lova taletid var totalt fjerna.

Det er heilt uforståeleg for oss, at arrangørane som hadde laga opplegget, annonser og skriv, og hadde markert våre parti og representantar med namneskilt på første rad, kunne GLØYME å gi oss den annonserte 2 min taletida.

Ingen frå arrangørane forklarte eller orsaka dette før me gjekk frå møtet 5. sept.

Beklagelsen frå Helge Brekke kom på epost til dei fem partia over eit døgn etterpå.

Møtet var offentleg. Forgløyninga var offentleg. Ei forklaring og ei orsaking må sjølvsagt også vere offentleg.

Helsing

Bjørn Humblen, De Kristne Alver, Leif Johnsen, Alver MDG, Hendrik Weber, Alver Raudt, Torbjørn Taranger, Alver SV, Agnes Hushovde Bernes Alver V.

Den 11.09.2019 15:49, skrev Per Ole Ekker:

### **Frivilligseminar og politisk debatt 5 sept 2019**

Først og fremst vil arrangørane takke alle som deltok på frivilligseminaret i Knarren torsdag 5. september. Målet var å setje søkjelys på frivillighetsarbeid i nye Alver kommune.

Tema frivillighet er noko som angår oss alle på ein eller annan måte. Og det å kome saman og drøfte kva vi vil med frivillighet, er spanande og angår mange.

**Angående reaksjon frå fem politiske parti** (De Kristne Alver, De Kristne Vestland, Alver MDG, Alver Raudt, Alver SV, Alver Venstre og Vestland Venstre)

Arrangør av seminaret var Knarvikmila og Frivilligsentralane i Lindås, Meland og Radøy.

Frivilligsentralane har i ettertid motteke felles epost frå dei politiske partia som ikkje sat i politikarpanelet, der dei reagera på at dei ikkje fekk kome til orde slik dei var blitt skissert i invitasjonen.

Dette var rett og slett ei forgløyming i gjennomføringa av debatten og vi kan berre beklage at det skjedde. Vi kan love at vi skal ta lærdom av dette, for slikt skal ikkje skje frå ein seriøs aktør.

Vi ser fram til dei neste 4 åra i Alver kommune med stor fokus på frivillighet, der vi ønskjer godt samarbeid med lag/organisasjonar og alle som er opptekne av frivillig arbeid – *gullet vårt*.

Mvh

Frivilligsentralane i Lindås, Radøy og Meland v/daglege leiarar

Knarvikmila